

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FE-223, FA-C52	21/338

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2021	Formannskapet	PS	29.04.2021

Svar på søknad om tilskot til restaurering av Shetlandsgjengens slipp i Scalloway - Shetland

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Anmodning om pengestøtte Shetland Masfjorden kommune	15.04.2021
Restaurering av Kronprins Olav Slipp Infobrosjyre	15.04.2021
Kronprins Olav Slip Project - Dec 2020	15.04.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr 10 000 til restaurering av slippet i Scalloway, finansiert over tillegssløyvingar/pott formannskapet.

Saksopplysningar:

SØKNAD OM GÅVE TIL RESTAURERING AV PRINCE OLAVS SLIPP, SHETLAND

Bakgrunn/fakta

Masfjorden kommune har fått anmodning om økonomisk støtte til restaurering av Prince Olavs slipp på Shetland.

Gjennom store delar av krigen var Scalloway på Shetland base for den såkalte Shetlandsgjengen som segla i hemmeleg trafikk mellom Shetland og det okkuperte Norge. I løpet av krigsåra utvikla det seg eit nært og varmt forhold mellom dei norske styrkane og Shetland si befolkning. Gjennom etterkrigsåra har dette vennskapet blitt vedlikehaldt og utvikla.

Shetlendarane har vore usedvanlig flinke til å ta vare på historia fra krigsåra og har, på frivillig basis, m.a. etablert eit flott museum i Scalloway som m.a. fortel Nordsjøfarten si historie. Dei har også reist eit minnesmerke over alle dei som omkom i denne tenesta.

No har dei iverksett eit prosjekt der dei skal restaurere slippet som vart brukt til å vedlikehalda og reparera dei såkalla «Shetlandsbussane», så vel skøytene som dei seinere ubåtjagerne, KNM Hitra, Vigra og Hessa.

Dette prosjektet har ein kostnad på totalt ca 1,3 millioner kroner. Av desse er så langt om lag kr 600.000 finansiert gjennom bidrag fra Scalloway Museum og tidligare Øygarden kommune.

I eit samarbeid mellom krefter på tvers av Nordsjøen, søker ei gruppe beståande av kommandør Åsmund Andersen, leiar for Nordsjøfartmuseet i Telavåg Jenny Heggvik og orlogskaptein Per Gundersen kommunen om bidrag til fullfinansiering til restaureringa, slik at slippen kan framstå som eit verdig minne over denne delen av vår felles krigshistorie.

Vurdering

Historia om Shetlandsfarten er også ein viktig del av Masfjorden si krigshistorie. Dei første krigsåra var det fleire frå kommunen vår som reiste til Shetland for å ta del i motstanden mot tyskarane. Ein av dei var Reidar Kvinge. Han vart med i kompani Linge, først som nestkommanderande og i perioden mai 1942 til hausten 1943 som leiar.

1.september 1941 la M/S Leda ut frå Kvingo med 27 personar om bord, derav fleire masfjordingar og med Monrad Kvinge som båtførar. Etter 56 timar i sjø med krevjande utfordringar nådde dei sørspissen av Shetland.

Sjølv om dette ikkje er eit lokalt tiltak ser Masfjorden kommune den store verdien av å bidra i spleiselaget med å ta vare på eit så viktig kulturminne, og ein viktig del av vår krigshistorie.

Konklusjon

Ein rår til at det vert løyvd kr 10 000 til restaurering av slippen i Scalloway.

Finansiering via pott formannskapet.

Summen vert overført Nordsjømuseet sin konto nr 3624 67 33877 eller via VIPPS 586805 merka « Gave til slippen, Galloway».

Vedlegg:

Anmodning om pengestøtte til restaurering av Kronsprins Olav Slip

Brosjyre, kronprins Olav slipp

Koronprins Olav Slip project

Formannskapet - 037/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr 10 000 til restaurering av slippen i Scalloway, finansiert over tilleggsøyvingar/pott formannskapet.

